Høyringsuttale frå Fure Idrettslag

Framtidig skulestruktur i Fjaler kommune

Fure Idrettslag støttar kommunedirektøren si tilråding om å oppretthalde ungdomssteget ved Våge skule. Vi meiner det er viktig at Våge framleis skal vere ein 1.–10.-skule.

I denne høyringsuttalen vil vi særleg løfte fram forhold som er viktige for Fure Idrettslag, og kva betydning ungdomsskulen på Våge har for fysisk aktivitet, idrettsglede og fritidstilbodet til barn og unge i ytre Fjaler.

Samarbeid og investeringar i skule- og idrettsanlegget

Fure Idrettslag har heilt sidan Våge skule vart bygd på 1980-talet vore ein aktiv bidragsytar til utviklinga av anlegg og utstyr som kjem både skulen, idrettslaget og lokalsamfunnet til gode. Gjennom fleire tiår har det vore eit godt samarbeid mellom idrettslaget og kommunen om å utvikle området på og rundt skulen.

Berre dei siste ti åra har Fure Idrettslag vore initiativtakar, byggherre og bidrege til finansieringa av mellom anna kunstgrasbane, eit stort og moderne trimrom, ballbinge, sandvolleyballbane og innkjøp av trenings- og idrettsutstyr. Desse tiltaka representerer ei samla investering på om lag 10 millionar kroner.

Dette er investeringar som ikkje berre kjem medlemmene i idrettslaget til gode, men som også gir skulen tilgang til gode og moderne fasilitetar for fysisk aktivitet og undervisning. Anlegga er samtidig viktige møteplassar som skaper aktivitet og fellesskap i bygda.

Fure Idrettslag ønskjer å vidareføre og utvikle det gode samarbeidet med Fjaler kommune. Vi meiner det er viktig å sjå skulen og idrettsanlegga i samanheng, og å ta vare på dei verdiane som gjennom mange år er skapte gjennom kommunale investeringar, frivillig innsats og betydelege økonomiske bidrag frå idrettslaget.

Fysisk aktivitet og idrettsglede blant barn og unge

Erfaringane våre viser at gode og tilgjengelege idrettsanlegg har stor betydning for aktivitetsnivået blant barn og unge. Særleg etableringa av kunstgrasbana og trimrommet har etter vår oppleving ført til ein tydeleg auke i den fysiske aktiviteten blant ungdommane i skulekrinsen.

Når gode fasilitetar ligg i nærleiken av der barn og unge bur og går på skule, blir terskelen for å vere fysisk aktiv lågare. Det gir rom for både organisert trening og eigenorganisert aktivitet, og gjer det enklare for ungdommane å bruke anlegga i kvardagen.

Fure Idrettslag er difor uroa for at ei nedlegging av ungdomssteget på Våge vil kunne føre til redusert fysisk aktivitet blant ungdommane våre. Ei slik endring vil ikkje berre påverke skulekvardagen, men også moglegheitene til å nytte dei lokale idrettsanlegga og delta i fritidsaktivitetar.

Lang skuleveg vil gå utover deltaking i idrett og fritidsaktivitetar

For Fure Idrettslag er den lange reisevegen ein av dei mest alvorlege konsekvensane ved ei eventuell flytting av ungdomssteget til Dingemoen.

Vi er eit idrettslag i ein liten skulekrins, og aktivitetstilbodet vårt må naturleg nok tilpassast talet på barn og unge i området. Fure Idrettslag kan tilby mellom anna individuelle idrettsaktivitetar, aktivitetar som krev få deltakarar, og styrke- og uthaldstrening i trimrommet.

Når det gjeld lagidrett, som engasjerer mange barn og unge, har vi i hovudsak høve til å gi eit lokalt tilbod fram til barna er om lag ti år gamle. Etter dette er det vanleg at dei som ønskjer å halde fram med lagidrett, deltek på treningar og kampar i Askvoll, Dale eller Hyllestad.

Dette er ei ordning som har fungert godt gjennom mange år, men som allereie krev mykje tid og innsats frå både barn og foreldre. Mange familiar brukar fleire ettermiddagar og kveldar i veka på transport til og frå trening og andre fritidsaktivitetar.

Dersom ungdomsskuleelevane i tillegg får ein vesentleg lengre skuleveg, vil dette gjere kvardagen langt meir krevjande. For ein stor del av elevane kan den samla daglege reisetida bli mellom to og tre timar. Det vil gå direkte utover tida og overskotet dei har til lekser, kvile, sosialt samvær og fysisk aktivitet.

Fure Idrettslag fryktar at ungdommane i praksis vil bli stilte overfor eit val mellom å prioritere skulearbeid og kvile eller å delta i idrett og fritidsaktivitetar. For elevar som allereie har brukt fleire timar på skuleskyss, vil terskelen for å setje seg i bilen og ta ferja for å delta på trening om kvelden bli svært høg.

Vi meiner det er ein reell fare for at fleire ungdommar då vil falle frå organisert idrett og redusere den fysiske aktiviteten sin. Dette vil vere uheldig både for den enkelte ungdommen, for folkehelsa og for det lokale idrettsmiljøet.

Likeverdige rammer og behov for vedlikehald

Fure Idrettslag har forståing for og respekt for den krevjande økonomiske situasjonen Fjaler kommune står i. Vi ser at kommunen må gjere prioriteringar, og at det er behov for å finne løysingar som sikrar ei berekraftig drift over tid.

Samstundes meiner vi det må vere eit grunnleggjande mål at alle elevar i Fjaler skal ha gode og likeverdige rammer for læring og fysisk aktivitet, uavhengig av kva skule dei går på.

Etter vår vurdering er Våge skule i forholdsvis god stand. Det er likevel slik at både bygg, tekniske installasjonar og utstyr har ei avgrensa levetid, og at det med jamne mellomrom er nødvendig med vedlikehald og oppgraderingar.

Eit konkret døme er lysanlegget i gymsalen, som blir nytta av både skulen og idrettslaget. Dette er no i så dårleg stand at lysforholda er svært mangelfulle, og anlegget har eit tydeleg behov for oppgradering.

Fure Idrettslag ser difor med uro på at det har vore lufta tankar om å halde tilbake investeringar i Fjalerskulen. Vi meiner det er viktig at nødvendige oppgraderingar og vedlikehald blir gjennomførte, slik at ein tek vare på eksisterande bygg og anlegg og sikrar gode forhold for elevane.

Det ville vere uheldig dersom manglande investeringar over tid fører til at kvaliteten på tilboda blir svekt, særleg i område der både kommunen og frivilligheita allereie har lagt ned store ressursar i å utvikle gode skule- og idrettsanlegg.

Avslutning

Fure Idrettslag meiner at ei eventuell nedlegging av ungdomssteget ved Våge skule vil få konsekvensar som strekkjer seg langt utover sjølve skuledrifta.

Gjennom mange år har idrettslaget, kommunen og lokalsamfunnet saman utvikla eit skule- og idrettsområde med gode fasilitetar og eit breitt aktivitetstilbod. Desse investeringane har bidrege til meir fysisk aktivitet, større idrettsglede og eit sterkare fellesskap blant barn og unge.

Vi fryktar at ein vesentleg lengre skulekvardag vil redusere ungdommane sine moglegheiter til å delta i både organisert og eigenorganisert aktivitet. Dette vil også kunne svekkje grunnlaget for det frivillige idrettsarbeidet i ytre Fjaler.

Fure Idrettslag støttar difor kommunedirektøren si tilråding om å bevare ungdomssteget ved Våge skule. Vi ber om at konsekvensane for fysisk aktivitet, folkehelse, fritidstilbod og det frivillige arbeidet i lokalsamfunnet blir tillagde stor vekt i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Fure Idrettslag